

## Styremøte Telemark Bygdekvinnelag 24. mai 2016 – protokoll

Møtet blei halde på Landbrukets hus, Gvarv tysdag 24. mai 2016 kl 15.00-18.30.

**Desse møtte:** Ellen Margrethe Garn, Eva Greivstad, Else Lindgren, Reidun Austjore Våle, Gro Windsvoll Jøntvedt, Knut Haugland (Telemark Bondelag)  
Åsne Søreid Fjeld og Bodil Bakken møtte i sak 12/2016.

**Forfall:** Anne Grethe Hegnastykket

**Sak 1/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Vedtak:* Godkjent.

**Sak 2/2016: Referat frå styremøtet 3/5-2016**

*Vedtak:* Referatet er tidlegare godkjent av styremedlemmene.

**Sak 3/2016: Referatsaker/orienteringssaker**

1. Nytt frå Telemark Bondelag; Knut Haugland orientera: Inngått jordbruksavtale, ope møte om avtala 25. mai.
2. Medlemssituasjonen; styret fekk før møtet tilsendt liste over alle medlemmene i fylket. 582 medlemmer er registrera pr 18. mai.
3. Årsmøte Norges Bygdekvinnelag 2.-4. juni, Ellen Margrethe Garn, Anne Grethe Hegnastykket og Reidun Våle reiser frå fylkeslaget.

*Vedtak:* Sakene tatt til orientering.

**Sak 9/2016: Arbeidsplan Telemark Bygdekvinnelag 2016**

Styret gjekk gjennom arbeidsplanen. Ein del av punkta blir eigne saker i styremøta.

*Vedtak:*

Arbeidsplan vedtatt av årsmøtet tatt til orientering.

Nokre punkt som blei drøfta:

- Kurs heimesider – aktuelt å ha på samrådsmøtet i november.
- Fylkesleiar sender bilde og informasjon om bygdekvinnelaget til avisene.
- Norsk eplefest 24. september – Bergit melder på TBK
- Moglegheit for utsending av sms til medlemmene – la saka bero inntil vidare.
- Sende informasjon til lokallaga vedk bøker som TBK har på lager
- Saker til høyring – meld frå til fylkesleiar dersom det er saker det er aktuelt å uttale seg om.

**Sak 10/2016: Fadderordning overfor lokallaga**

*Vedtak:*

Lokallaga blei fordelt på styremedlemmene som følger:

Ellen Margrethe Garn: Vinje, Tinn, Tuddal

Anne Grethe Hegnastykket: Sauherad, Holla, Gjerpen

Eva Greivstad: Nissedal, Tokke, Fyresdal  
Gro Windsvoll Jøntvedt: Heddal, Bø, Sauland, Lunde/Flåbygd  
Else Lindgren: Solum, Siljan, Bamble  
Reidun Våle: Morgedal, Rauland  
Fylkeskontoret sender oversikt over lokallagsleiarar til styret.

**Sak 11/2016: Samrådsmøte og kvinnekongressen november 2016**

Det er vedtatt at det skal vere samling for lokallaga fredag 11. november og kvinnekongressen laurdag 12. november.

Det blei referert frå møtet som arbeidsgruppa for kvinnekongressen hadde 11. mai. Styret diskutera program for samrådsmøtet 11. november.

*Vedtak:*

Orientering om program for kvinnekongressen tatt til orientering.

Kurs som er aktuelle å gjennomføre på samlinga 11. november: Heimesideredigering og kurs for kasserar/revisor.

Styret arbeider vidare med programmet for samrådsmøtet.

**Sak 12/2016: Dyrsku'n i Seljord**

Dyrsku'n er 9.-11. september og Dyrsku'n skal feire 150 års jubileum i 2016. Telemark Bygdekvinnelag har dei siste to åra deltatt på to standar; Bondens møteplass (Husdyrhallen) og i matteltet. Standen Bondens møteplass har i år fått nytt namn, «Møt landbruket».

Alle deltakarane på «Møt landbruket» har ansvar for minst eit foredrag som skal vere i eit telt utanfor husdyrhallen. TBK sitt foredrag er: «Ja til GMO-fri mat for folk og fe» v/ Aina Bartmann, dagleg leiar Nettverk for GMO-fri mat og fôr (laurdag kl 12). Styret diskutera opplegg på standane.

*Vedtak:*

- Åsne Søreid Fjeld og Bodil Bakken er ansvarleg for standen «Møt landbruket».
- Andvarleg staden i matteltet: fredag – Eva Greivstad, laurdag – Else Lindgren, søndag – Ellen Margrethe Garn.
- Standane må organiserast slik at dei om står på stand, må få høve til å snakke med dei som besøker standen.
- Ønskje om at Anne Grethe Hegnastykket bakar potetlompe.
- Fylkesleiaren inviterar NBK til å vere med på standen.
- Lage små kort med oppskrift på semulegraut + info om bygdekvinnelaget til utdeling.
- Begge standane på «bemannast», ny e-post blir sendt lokallaga om at fylkesstyret treng vakter frå lokallaga.
- Styret tek informasjon/diskusjon i styremøtet til orientering. Det må arbeidast med opplegg på standane fram mot neste styremøte.

**Eventuelt**

- Bergit Li har søkt om momskompensasjon for Telemark Bygdekvinnelag.
- Undersøking vedk Telemark fylkeskommune sitt forhold til frivilligheten, fylkesleiaren har svara på undersøkinga.
- Neste styremøte blir måndag 22. august kl 15.

Ref. Bergit Li